

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET

Postboks 8010 DEP

0030 OSLO

Saksnr

2013/508

Arkiv

K24

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar

UTV

Dato

27.04.2018

**SØKNAD OM FORSKOTERING AV MIDLAR TIL FISKERIHAMN OG FARLED -
FOSNAVÅG HAMN, HERØY KOMMUNE**

**Herøy kommune søker med dette om forskotering av midlar til gjennomføring
av mudring og miljødeponering av forureina sediment, samt forureina grunn i
Fosnavåg hamn.**

Bakgrunn:

Herøy kommune (M&R) viser til Stortingets vedtak i behandling av budsjett for 2018 der Samferdselsdepartementet kan inngå avtale om forskotering av midlar til prosjekt i fiskerihamner og farled innanfor ei ramme på 350 mil. kroner. På bakgrunn av dette, samt dei forutsetningar og krav som er satt til søknadar om forskotering av fiskerihamn- og farledsprosjekt søker Herøy kommune om midlar til forskotering av mudrings- og deponiprosjektet i Fosnavåg hamn.

Fosnavåg fiskerihamn (figur 1) er ei byhamn med eit aktivt fiskerimiljø med mottaksanlegg, notbøteri, diverse marine servicetilbod og gode kaifasilitetar. Djupna i hamna er for lita for dagens fiskeriflåte og skaper problem for fartøy som nyttar hamna. Staten har tidlegare gjennom fleire omgangar gjort utdjupingsarbeid i hamn og innsegling, men dette er ikkje lenger tilstrekkeleg etter som flåten utviklar seg. For at hamna skal kunne nyttast også i framtida er det heilt naudsynt å utdjupe både innsegling og hamnebasseng. Konsekvensen av at dette ikkje vert gjennomført vil vere ei negativ utvikling av Fosnavåg hamn, noko som vil vere uheldig for servicetilboden til fiskeriflåten. Ein ser allereie i dag konsekvensane ved at ei rekke fartøy ikkje kan gå inn i hamna, samt at andre er avhengige av å gå inn og ut av hamna på flo sjø.





Figur 1: Oversiktsfoto av Fosnavåg by og sjølve Fosnavågen, der hamna ligg plassert. Hamna er ei naturleg hamn og har lang historie som ei trygg hamn for fiskeriflåten.

Tiltaket er prioritert høgt i Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion - 2016-2021. (Kap 3.7, s 36). Kommunestyret og administrasjonen i Herøy kommune har arbeidd i mange år med prosjektet og det har vore inne i NTP i fleire år utan å verte realisert. Prosjektet låg inne i NTP-periode 2013-2017 med 50 million kroner, men vart ikkje tildelt midlar til oppstart. I NTP 2018-2029 ligg prosjektet inne med ei ramme på 102 million kroner til gjennomføring i perioden 2024-2029. Formannskapet i Herøy kommune vedtok i F-sak 181/17 (15.11.2017) å signalisere at Kommunestyret vil stille seg positive til ein søknad om forskotering. Prosjektet har til no vore delt mellom Herøy kommune og Kystverket (KV). Herøy kommune sin del av prosjektet har vore å detaljregulere to områder (indre- og ytre hamn) for å kunne etablere strandkantdeponi for ureine massar. Kystverket har stått for arbeid med forprosjektet. I tillegg bidreg kommunen med investeringar i teknisk infrastruktur som underbyggjer ei felles målsetjing om rein hamn. Kystverket har brukt Multiconsult AS for utarbeiding av rapportar og datagrunnlag for å ferdigstille forprosjektet. Siste rapportar frå Multiconsult AS er datert mars 2018 og omfattar ei fagleg innstilling for forprosjektet (vedlegg 6) samt ein tiltaksplan (vedlegg 7).



Figur 2: Oversiktsfoto frå Fosnavågen og fiskerihamna. Inst i hamna ligg Fosnavåg Pelagic AS. Hamna har fleire bedrifter som avheng av tilstrekkeleg seglingsdjupne.

Fosnavåg hamn – «*Ei strategisk viktig hamn*»:

Det fiskerike havet har alltid vore grunnlaget for busettnad, vekst og utvikling. Den lune, naturlege hamna har til alle tider gitt ly til båtar og mannskap. Fiskeflåten i Herøy sin fangerverdi er i på i overkant av 1,4 milliard kr pr. år, og herøyflåten har gått i spissen med omsyn til å modernisere flåten. Fiskeflåten i Herøy er verdsett til meir enn 14 milliard kr. (2016 kr) og flåten fiskar om lag 9% av Noreg sitt fangsvolum (norskfanga fisk, førstehandsomsetning). Kystverket ser på Fosnavåg hamn som «*ei strategisk viktig hamn*».

Prosjektet i Fosnavåg hamn er utløysande med omsyn til utvikling av nye heilårsarbeidsplassar (+ 50 ekstra arbeidsplassar) og investeringar i storleik 100 millionar kroner.

- Store miljøgevinstar
- Styrkar fiskerisektoren regionalt og nasjonalt.
- Sterk verdiskaping.
- Moderniserer produksjonen.
- Store gevinstar med omsyn til kaifasilitetar for heile næringa.
- Gir aukande utskiping av fisk sjøvegen (eksport ut av Noreg).
- Styrkar byutvikling og kommunenesenteret.
- Utløysande effekt på nye arbeidsplassar.

Alle tiltak som sikrar miljøopprydding er gode og viktige prosjekt. Vi hevdar at prosjektet i Fosnavåg og Herøy kommune har ein større meirverdi med sine tre hovudgevinstar:


- Ei rein hamn – stor **miljøgevinst**.
- Utløysande effekt og styrkar **næringsinteressene**.
- Bidreg og underbyggjer **byutvikling** i kommunesenteret.



Figur 3: Det herskar brei politisk einigkeit i kommunen på betydinga av å få realisert prosjektet. Her er nokre lokalpolitikarar samla.

Prosjektbeskrivelse:

Det er til no utført prosjektering på forprosjektnivå. Heile indre hamn med eit areal på 37.000 m² er planlag utdjupa til -8,3 m (markert A i figur 4). Det meste av lausmassane er sterkt forureina og er tenkt deponert i strandkantdeponi i hamna. Deponiet vil gi etterlengta landareal som er tenkt nytta til utviding av eksisterande næring i hamna og nytt areal byutvikling i Fosnavåg. I tillegg er innseglinga (D) tenkt utdjupa til same djupne. Det skal også mudrast inn til land, deriblant inn til kaiantlegg (B og C). Noko berg er pårekna å måtte sprengast ut for å gi tilstrekkeleg djup inn til kaiene (B og E). Det totale mudring-/utdjupingsvolumet er førebels utrekna til 122.000 m³ fast masse, men dette tek ikkje høgde for endeleg plassering av deponi. Deponiet er tenkt oppført med cellespunktar i stål.



Figur 4: Oversikt over kva område som er tenkt mudra. Noko fjell skal takast ut, medan det nokre stader skal mudrast mindre en til seglingsdjup på -8,3 m.

Deponiet vil ha overhøgd på 2,0 m. Dette gir rom for eit bærerlag av stein i toppen. Det nye landarealet må pelefundamenterast med forbelasting før det kan byggjast. Estimert setningstid for sedimenta i deponiet er 3-6 månader. Totalsum for etablering av deponi, kai og tomt er berekna til om lag 119 millionar kroner (eks. mva).



Figur 5: 3D modellar av indre hamn i dag (venstre) og korleis den kan sjå ut etter etablering av deponi (høgre).

Prosjektorganisering

Fortid

Prosjektet har vore leia av Kystverket, region midt til årsskiftet 2017/2018. Kystverket har brukt Rambøll og seinast Multiconsult i prosjekteringsarbeidet knytt til rapportar for forprosjektet. Forprosjektet er ikkje ferdigstilt, og Kystverket vil ikkje arbeide vidare med forprosjektet med vising til signala om at Fylkeskommunen tek over forvaltninga av fiskerihamnene i 2020. Fosnavåg Pelagic AS har vore, og er framleis ein sentral part i prosjektet. Deponiet i indre hamn er tenkt nytta til nytt næringsareal for utviding av bedrifa. Fosnavåg Notbøteri AS har også vore ei viktig røyst i arbeidet, saman med Herøy fiskarlag. Bedriftene i Fosnavågen har i dag store utfordringar med manglende djupne i hamnebasenget.

Framtid

Kommunen ønskjer å arbeide vidare med prosjektet. Her vert samspelet mellom kommunen og Møre og Romsdal fylkeskommune som framtidig forvaltar viktig. Ein ønskjer difor ein tettare dialog med fylkeskommunen og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Vidare dialog vil særleg vere retta mot søknad om løyve til å gjennomføre tiltaket i forhold til mudring og deponering av ureine massar, men også framtidig drift, vedlikehald og miljøovervaking vil vere viktige tema.

Det vil vere vidare fokus på å oppretthalde dialogen med næringslivet, brukarane av hamna, grunneigarar og andre grupper ved behov. Fosnavåg Pelagic AS vert vidare ein sentral part både i utforming av endeleg deponi, men også i korleis anleggsprosessen skal gjennomførast. Prosjekteringen er eit dynamisk arbeid. Kommunen ser heile tida på korleis ein kan forbetre prosjektet med omsyn til mellom anna hamnelogistikk, reduksjon i landskapsinngrep, manøvrering og kopling mellom sjø og land for å finne gode løysingar for hamna totalt sett. Herøy kommune har dei data som trengs for å fullføre forprosjektet, og dette kan gjerast i løpet av relativt kort tid (sjå framdriftsplan under). Detaljprosjektering vert sett i gang umiddelbart etter at forprosjektet er ferdigstilt. Også her vil kommunen bruke eksterne konsulent. Ein kan ikkje utelukke at endringar kan kome.

Prosjektgjennomføring

Som skildra over er forprosjekteringen nær ferdig. Herøy kommune vil sjølve fullføre forprosjekt og detaljprosjektering ved å bruke eksterne konsulentar. Tabellen under syner ein tentativ framdriftsplan basert på dei estimata som er gitt av Multiconsult AS.


Tabell 1: Tentativ framdriftsplan. Det gjerast merksam på at endringar kan kome.

Forprosjektering	Ferdig: Desember 2018	Ekstern konsulent vert brukt i utarbeiding av endeleg forprosjekt.
Detaljprosjektering	Januar - Juli 2019	Ekstern konsulent vert brukt i utarbeiding av detaljprosjekt. Kommunen følgjer opp.
Anleggsfase: Etablering av deponi og mudring av hamnebaseng.	Oppstart: Haust 2019.	Anleggstid estimert til 12 månader. Deponi vert fyst etablert, deretter vert det fylt inn masse som er murda ut frå hamnebasenget.
Ferdigstilling	Vinter 2021	Deponiet er etablert med fast dekke, pelefundamentering og forbelasting. Setningane skal på dette tidspunktet vere minimale og arealet klart til at konstruksjonar kan etablerast over deponiet.

Planstatus

Som vist i figuren under har Herøy kommune arbeidd systematisk for dette prosjektet sidan 2009.. Kommunen starta med ein områdeplan for Fosnavåg hamn. Herøy kommune har i tillegg detaljregulert to område i hamna (figur 6) for etablering av strandkantdeponi. Dette som følgje av vedtaket i kommunestyret i K-sak 38/16 (planomtalar ligg vedlagt i vedlegg 1 og 2) om å fordele mudringsmassa på to deponi; indre- og ytre hamn. Planane var godkjende i desember 2017 og februar 2018 og ligg vedlagt med planomtalar, kart og føresegner. Dei juridiske rammene knytt til plan er på plass for at prosjektet skal kunne realiserast. Om prosjekteringa kjem fram til at ein treng meir areal, må dette løysast ved at ein utvidar deponiet i indre hamn.

Reguleringsplan Fosnavåg hamn, Miljøprosjektet, Regulering ytre deponi, Regulering indre deponi, Kommunale investeringar i hamna



Figur 6: Områder som er detaljregulert for etablering av strandkantdeponi.

Finansieringsplan

Revidert kostnadsoverslag utført av Multiconsult (vedlegg 6) syner at prosjektet har ein total kostnad på kr 118 million. Dette inkluderer mudring og deponering, samt etablering av tomt og kai. Detaljane i overslaget finn ein i forprosjektrapporten frå Multiconsult (vedlegg 6). Før forskoteringa kan refunderast, må Herøy kommune lånefinansiere prosjektet.

Tabell 2: Kostnadsoverslag fra Multiconsult (vedlegg 6) knytt til prosjektet.

Cellespunkt - deponi	Enhet	Mengde	Enhetspris	Sum
Etablering deponi				
Tilrigging cellespuntarbeider inkl maler etc	RS	1	2 000 000	2 000 000
Flytting av mal - hovedceller	stk	9	60 000	540 000
Flytting av mal - mellombuer	stk	16	25 000	400 000
Levering av spuntnåler for cellespunkt	m ²	11 000	1 800	19 800 000
Ramming av spuntnåler for cellespunkt	m ²	11 000	500	5 500 000
Profilspunkt inkl avstivning	m ²	450	3 000	1 350 000
Tetting i låser - profilspunkt	m	715	200	143 000
Ramming profilspunkt	m ²	450	300	135 000
Kapping av spunt	m	750	600	450 000
Sand/grus i infiltrasjonsvoll/overløp	m ³	200	150	30 000
Siltskjørt	m ²	3 000	60	180 000
Fiberduk - i celler	m ²	7 100	30	213 000
Mudring av forurensede masser inkl deponering i celler	m ³	100 000	200	20 000 000
Utlegging av tildekkingsslag, mudret område 70 cm total	m ³	28 000	250	7 000 000
Fiberduk over deponi	m ²	16 000	20	320 000
Geonett over fiberduk	m ²	16 000	40	640 000
Tildekkingsslag med sprengstein 2 m	m ³	32 000	250	8 000 000
Gassdren	m	1 200	150	180 000
Setningsovervåking	m ²	16 000	125	2 000 000
Korrosjonsbeskyttelse med offeranoder	RS	1	3 000 000	3 000 000
Sum etablering av deponi				71 881 000
Tillegg for uforutsett	%	5	71 881 000	3 594 050
Tillegg for rigg	%	20	75 475 050	15 095 010
TOTALSUM ETABLERING AV DEPONI				90 570 060
Klargjøring av tomt og kai				
Forhånsbelastning, transport inn og ut , utlegging	m ³	32000	350	11 200 000
Videresalg av stein	m ³	-32000	150	-4 800 000
Vertikaldren, fremskynding setninger	m ²	16000	100	1 600 000
Setningsovervåking	m ²	16000	125	2 000 000
Pelefundamentering, ferdig installert betongpel P270MA	lm	1600	1 100	1 760 000
Kai	m	210	50 000	10 500 000
Sum etablering av tomt og kai				22 260 000
Tillegg for uforutsett	%	5	22 260 000	1 113 000
Tillegg for rigg	%	20	23 373 000	4 674 600
TOTALSUM ETABLERING AV TOMT OG KAI				28 047 600
TOTALSUM DEPONI, KAI OG TOMT				118 617 660

Beskrivelse av effektar knytt til ei raskare realisering

Miljøoppryddinga er svært viktig for næringsliv, byutvikling og miljø i Fosnavåg. Brukarane av hamna signaliserer tydeleg sitt behov for ei djupare innsegling og hamnebasseng dersom dei skal kunne fortsette sin bruk og utvide sine verksemder i framtida (sjå vedlagte brev frå Fosnavåg Pelagic AS, Fosnavåg Notbøteri AS, samt

Herøy fiskarlag – Vedlegg 3-5). Ei stor utfordring i dag er manglande seglingsdjupne i både innsegling og hamnebasseng. Her har det vore fleire tilfelle der båtar har berørt grunnen. Dette påverkar igjen logistikk, ved at båtane må gå inn i hamna på flo sjø for å ikkje grunnstøyte. I dag er det fleire båtar, særleg frå utlandet, som vel andre hamner i regionen framfor Fosnavåg, til tross for at hamna ligg svært sentralt i forhold til fleire store fiskefelt. Slik hamna er i dag, er eit hinder for utvikling og utvida bruk. Fartøyflåten veks raskare enn kva hamna utviklar seg. Dette er ei utfordring for næringslivet lokalt, men får også ringverknadar regionalt. Herøy kommune har mål om ei berekraftig utvikling av ei rein hamn. For å oppnå målet om ei rein hamn er det naudsynt med ei fullstendig miljøopprydding både i hamnebassenget, innseglinga og på land.

Stor fiskerikommune

Fosnavåg har lang historie for å vere ei viktig hamn for regionen og Herøy er ei viktig fiskerikommune nasjonalt.

Fangstverdien for fiskeflåten i Herøy er på over 1,4 milliardar kroner per år, og den utgjer ni prosent av heile Noreg sitt fangstvolum (norskfanga fisk). Fiskeflåten i Herøy er verdsett til meir enn 14 milliardar kroner (2016).

– Trafikken i hamna er nødvendig for Fosnavåg sin identitet, og avgjeraande for at næringslivet skal satse vidare og kunne utvikle seg, seier Kjell Nørvåg som er dagleg leiar i Fosnavåg Notbøteri (t.v.) og Roar Aasen som er dagleg leiar i Fosnavaag Pelagic.



Figur 7: Brukarane av Fosnavåg hamn gir tydelege signal på kva behov der er for ei framtidig hamn.

Fosnavåg hamn har ikkje tid til å vente meir på ei utdjuping, då dette vil legge hamna brakk for framtidig næring. Konsekvensane av dette er i første rekke tap av arbeidsplassar, men ikkje minst vil det kunne vere negativt for sjølve identiteten til Fosnavåg som by og kommunesenter.

Vedlegg

Vedlegga er tilgjengelege via dropbox mappa som vist under:

<https://www.dropbox.com/sh/y7aeqan3cn8qxI9/AABj0pronohBoV-Wee0EKBj6a?dl=0>

- Vedlegg 1: Planomtale, detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, indre hamn.
- Vedlegg 2: Planomtale, detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn, ytre hamn.
- Vedlegg 3: Uttale Fosnavåg Pelagic AS.
- Vedlegg 4: Uttale Fosnavåg Notbøteri AS.
- Vedlegg 5: Uttale Herøy fiskarlag.
- Vedlegg 6: Multiconsult AS (2018a): *Rapport Fosnavåg Fiskerihavn – deponering av mudringsmasser. Forprosjekt deponi i indre hamn – 417849-RIG-RAP-003.* Ålesund: Multiconsult AS.
- Vedlegg 7: Multiconsult AS (2018b): *Rapport Kystverket. Fosnavåg Fiskerihavn, deponering av mudringsmasser - Tiltaksplan - 417849-RIG-RAP-003.* Ålesund: Multiconsult AS.
- Vedlegg 8: Kystverket (2018): *Rapport Fosnavåg Fiskerihavn. 5. utkast til Forprosjekt.* Ålesund: Kystverket.

Med helsing

Jarl Martin Møller

Erlend Sporstøl Vikestrand

Kommunalsjef
Samfunnsutvikling

Sakshandsamar
Utviklingsavdelinga

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL Postboks 2520 6404 MOLDE
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE Postboks 2500 6404 MOLDE